



Konferanse 3. februar 2010

Lokal vekstkraft i Hordaland: LivOGLyst, Kommuneprosjektet og Kom-an

Lokal samfunnsutvikling og entreprenørskap er ekspansive satsingsområde i Hordaland. På konferansen Lokal vekstkraft i Hordaland vert det sett fokus på tre viktige program: LivOGLyst, Kommuneprosjektet og nettportalen www.kom-an.no, som den regionale partnerskapen i Hordaland står bak. Satsingane kompletterer kvarandre og er sentrale i utviklinga av søknadar om deltaking i dei nasjonale programma Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) og Bulyst v/Kommunal- og regionaldepartementet (KRD).

Formålet med konferansen er mangfaldig:

- LivOGLyst: Den årlege utlysinga står for døra, og interesserte prosjektsøkjjarar får informasjon og råd om lokal prosjektutvikling og søknadsskriving.
- Kommuneprosjektet har som føremål å styrkje rådgjevingstenesta innan rettleiing av entreprenørar i kommunane. Kommuneprosjektet fortel om resultata hittil og korleis arbeidet vert lagt opp i 2010.
- Vi opnar portalen www.kom-an.no.
- Vi får presentert KRD sine nye satsingar LUK og Bulyst.
- LUK og Bulyst kan styrkje det pågåande arbeidet i Hordaland. Partnerskapen presenterer korleis det vert arbeidd med søknad og ønskjer innspel på dette frå deltakarane.

Målgruppe:

Dei inviterte til konferansen er:

- Kommunalt og andre offentleg tilsette med lokalt utviklingsarbeid som ansvars- og arbeidsområde. Maks tre deltakarar frå kvar kommune.
- Brukarar av LivOGLyst programmet, Kommuneprosjektet og av nettstaden kom-an.no.
- Dei som har som ambisjon å utvikle eigne prosjekt, til dømes lag og foreningar.

Tid og stad:

Onsdag 3. februar 2010 mellom kl 09.30 – 15.00. Konferansen vil finne stad på Terminus Hall, Grand Hotel Terminus, Bergen (vis-à-vis jernbanestasjonen).

Arrangør:

Konferansen vert arrangert av Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen si landbruksavdeling og Innovasjon Norge.

Påmelding:

Fyll ut vedlagte skjema og send pr. e-post til: strategi@post.hfk.no

Det er gratis inngang på konferansen.

Påmeldingsfrist er onsdag 27. januar.

Program:

09.30-10.00 – **Registrering og servering**

10.00-10.10 – **Velkomen!**

v/ direktør Jan Per Styve, Hordaland fylkeskommune.

10.10-10.30 – **Orientering om planar og utvikling i livOGLyst**

programmet 2010 v/Marit Brendbekken, Hordaland fylkeskommune og Eli Janette Fosso, Fylkesmannen i Hordaland.

10.30-10.45 – **Kommuneprosjektet: status og utvikling i 2010**

v/ Olav Mellgren, Innovasjon Norge Hordaland.

10.45-11.15 – **LivOGLyst og Kommuneprosjektet: Røynsler frå Samnanger**

v/Tone Tysseland Holmefjord, PROSAM

Arbeidsøkt

11.15-12.15 – **Idéutvikling og søknadsskriving for prosjektleiarar.**

Arbeidsgruppa for livOGLyst gjev råd og rettleiing

Diskusjon og erfaringsdeling rundt borda: Korleis fungerer vi som lokale utviklingsaktørar og kva for kompetanse trengst?

Det vert delt ut forslag til mal for prosjektsøknad og spørsmål til diskusjon.

12.15-13.00 - Lunsj

Offisiell opning av nettportalen www.kom-an.no

13.00-13.10 - **Kulturelt innslag**

13.10-13.30 – **Direktørane for partnerskapen "setter i kontakten"**

Utdeling av blomar.

13.30-13.50 – **Framsying av portalen og spørsmål frå salen**

v/ Marit Brendbekken, Jon Erik Vollan, Eli Janette Fosso, Olav Mellgren og Lars Melkevik.

Vegen vidare

13.50-14.50 – **Lokal samfunnsutvikling i kommunane og Bulyst-programmet.**

Presentasjon ved Kommunal- og regionaldepartementet.
Spørsmål frå salen.

14.50-15.10 – **Lokal samfunnsutvikling i Hordaland - tankar om vegen vidare**

v/Ressursgruppa.

15.10-15.30 – **Avslutningsord ved direktør Jan Per Styve**

Servering av kaffi og Kom-an-kake.

PÅMELDINGSSKJEMA LOKAL VEKSTKRAFT I HORDALAND 3. FEBRUAR 2010:

Namn: _____

Adresse: _____

Representerer: _____

Telefon (dagtid): _____

Telefon (mobil): _____

E-post : _____

Eiga heimeside-adresse: _____

**Gratis inngang på konferansen.
Deltakarane må sjølve betale reise og opphald.**

Returner skjemaet utfylt til: strategi@post.hfk.no

Eller pr. post til:

Hordaland Fylkeskommune
v/Constance Karunairasah,
Strategi- og næringsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Påmeldingsfrist er onsdag 27. januar 2010.

Velkommen til konferanse!